

Digitale verktøy i arbeid med pedagogisk dokumentasjon

av Agnete Vaags og Heidi Sandø

Pedagogisk dokumentasjon handlar om å gjere pedagogisk arbeid synleg og ope for tolking, dialog, diskusjon og innsikt. Dokumentasjon av praksisen til barnehagen blir pedagogisk når personalet og barna diskuterer og reflekterer over han saman (Utdanningsdirektoratet, 2018). Å jobbe med pedagogisk dokumentasjon handlar om å ta utgangspunkt i noko som har hendt, og at barn og pedagogar deltar i å utvikle verksemda i fellesskap (Essén, Björklund & Björby, 2015).

Når pedagogisk dokumentasjon blir ein del av det daglege didaktiske arbeidet, bidrar det til eit systematisk utviklingsarbeid der hensikta er å utfordre og vidareutvikle synet til personalet på barn, læring og kunnskap. Det er med andre ord verdiane, haldningane og praksisane til dei tilsette og det fysiske miljøet i barnehagen som skal vere gjenstand for refleksjon, ikkje å vurdere og dokumentere evner og kunnskapar, trivsel og erfaringar hos enkeltbarnet (Utdanningsdirektoratet, 2018). Dette er i tråd med føringane til rammeplanen for vurdering og dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet til barnehagen. Det er ei forventning om at vurderingsarbeidet bygger på refleksjonar som heile personalgruppa er involverte i (Kunnskapsdepartementet, 2017). Bruk av teknologi kan vere ein ressurs i dette arbeidet.

Digitale verktøy kan bidra til å gjere prosessen med sjølve dokumentasjonen enklare ved bruk av bilde, lydopptak og filmar som utgangspunkt for refleksjon. Digitale verktøy kan bidra til ein djupare og meir utvida forståing av og innsikt i eigen praksis fordi dei gir fleire og varierte moglegheiter i arbeidet med observasjon, dokumentasjon, vurdering og refleksjon. Dette er element i pedagogisk dokumentasjon som opnar for ein eksperimenterande og undersøkende haldning til den pedagogiske verksemda (Essén, Björklund & Björby, 2015). Digitale arbeidsmåtar med dokumentasjon gjennom til dømes appar, nettbrett og sosiale medium kan òg bidra til å gjere stemmene til barna sterkare, tydelegare og meir synlege enn det som er mogleg gjennom analog dokumentasjon (Seger, 2020).

Digitaliseringa i samfunnet har gitt personalet i barnehagen moglegheiter til å vere meir effektive. Alt av papir og dokumentasjon som tidlegare vart samla i ein perm, kan no enkelt leggst inn i ein skytjeneste, som er tilgjengeleg gjennom digitale verktøy uansett kvar ein er. Det bidrar til at ein enkelt kan dokumentere det som skjer i løpet av barnehagedagen ved bruk av eit nettbrett, samtidig som det gir nye moglegheiter når det gjeld sortering, redigering, layout og filmproduksjon. Det er mogleg å bruke appar for å produsere prosjektskildringar saman med barn der bilde, filmar, teikningane til barn, ord og stemmer kan høyrast og blir synleggjorde.

Det er viktig at deling av filmar og bilde av barn og aktivitetane deira blir gjorde med eit etisk medvit. Ved bruk av bilde og filmar, så er det behov for å reflektere etisk over spørsmål som: Når? Kva? Kvifor? Korleis? For kven? Dette er ein del av det demokratiske oppdraget til barnehagen som barnehagepersonalet treng å reflektere rundt for at barnet ikkje skal bli eit objekt i dokumentasjonsarbeidet.

Barn sin rett til kroppsleg og personleg integritet skal respekterast. Det gjeld både i den daglege omsorga og i spørsmål om dokumentasjon (Seger, 2020).

«Barn er sårbare, særleg dei aller yngste på 1-3 år, og dei er avhengige at personalet har eit forhold til kritisk tenking og etiske prinsipp knytt til deira digitale og pedagogiske praksis», seier Anita Lie Kvien, pedagogisk leiar på småbarnsavdelinga på Ila barnehage. Personalet er dermed heilt avhengige av at dei får snakka godt saman om innhaldet i barnehagen og eigen praksis. Pedagogisk dokumentasjon er viktig for barna og avdelinga, og i samarbeidet med foreldra. Internt på avdelinga bruker dei filmar og bilde som grunnlag for refleksjonar i personalgruppa. Det handlar om å setje ord på det arbeidet dei har gjort, og kva dei ønsker å jobbe med vidare. Slik blir pedagogisk dokumentasjon ein *kollegial arbeidsmåte* som bidrar til at barnehagen blir ein lærande organisasjon.

Pedagogisk dokumentasjon har eit sterkt samband til prosjektarbeid. Det gjeld ikkje berre einskildståande prosjekt som går over lang tid, men til ein undersøkende, pedagogisk tenkemåte og praksis som gjennomsyrrar heile barnehagen. Pedagogisk dokumentasjon «(...) baserer seg på ei haldning om at læring skjer når barnet er aktivt, og når det får moglegheit til å undersøke noko, utvide forståinga si eller fordjupe seg i det som verkar spennande og interessant» (Utdanningsdirektoratet, 2018).

På Ila barnehage er prosjektarbeid og pedagogisk dokumentasjon ein naturleg del av praksisen deira, og dei lagar ofte prosjektrapportar når dei arbeider med ulike prosjekt. Her blir det gjerne brukt digitale verktøy både i sjølve



prosjektarbeidet og i den pedagogiske dokumentasjonen underveis og i etterkant av prosjektet.

Barna bidrar òg med å setje ord på tankane og opplevingane sine rundt det dei har vore med på. Dette er viktige bidrag vidare i planleggingsarbeidet: Kva er det som fungerer? Kva er det denne barnegruppa liker? Kva skal vi gjere meir av?

Pedagogisk dokumentasjon heng nøye saman med eit barnesyn der ein ser alle barn som kompetente, med evne, vilje og lyst til å utforske, leike og lære, og brukast for å sjå kva barna er opptatte av, for å forstå strategiane deira for læring og som grunnlag for prosjektarbeid i barnehagen. Dette bidrar til å setje medverknaden til barn i planleggingsarbeidet i system (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Samtidig er den pedagogiske dokumentasjonen viktig for å gi foreldra eit innblikk i barnehagekvardagen, og få endå meir kunnskap om korleis dei bruker digitale verktøy saman med barna. Dokumentasjonen synleggjer korleis personalet arbeider. Dei heng opp bilde og skriv noko om kva som skjer på bilda, eller dei viser filmar frå kvardagen på foreldremøte eller foreldrekaffe.

I garderoben er det òg ein digital skjerm som viser fleire ulike bilde frå dagens tur eller aktivitetar. Ei slik form for bildedeling gir føresette eit innblikk i kva barnet deira har gjort i dag , og kan bidra til å skape eit godt utgangspunkt for samtalar med barna ved henting i barnehagen.

Anita Lie Kvien påpeikar at all denne bruken av digitale verktøy er med på å knyte alle deltakarane (barna, foreldra og dei tilsette) nærare saman, og det

bidrar til å skape ei større forståing for kva dei gjer, kvifor dei gjer det, og kva planar dei har vidare i det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Husk å følge Datatilsynets regler for personvern når dere skal bruke bilder av barn i barnehagen! De er her:

<https://www.datatilsynet.no/personvern-pa-ulike-omrader/skole-barn-unge/bilder-av-barn-pa-nett/samtykkeskjema/>

Referansar

Essén, Björklund & Björby (2015). *Pedagogisk dokumentasjon*. Oslo: Pedlex

Kunnskapsdepartementet (2017). *Forskrift om rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver*.

Hentet fra: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-04-24-487>

Sejer, E.K. (2020). *Digitalt meningsskapande i förskolan*. Stockholm: Läroerförlaget

Utdanningsdirektoratet (2018). *Hva er pedagogisk dokumentasjon?* Hentet fra:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/verktoy-for-kvalitetsarbeid/pedagogisk-dokumentasjon/hva-er-pedagogisk-dokumentasjon/>